



SÆRUTSKRIFT

Arkivsak-dok. 22/21390-11
Saksbehandler Eivind Dalseg

Søknad om midlar til Stiftelsen Setesdal stavkyrkje

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Hovedutvalg for næring, kultur og miljø	21.11.2024	62/24

Hovedutvalg for næring, kultur og miljø har behandlet saken i møte 21.11.2024 sak 62/24

Møtebehandling

Representanten Margit Dale (Sp) hadde meldte inn at hun var ugild i saken. Hovedutvalget vurderte henne som ugild. Morten Foss (Sp) var innkalt og møtte som vararepresentant.

Votering

Hovedutvalg for næring, kultur og miljø går enstemmig inn for fylkeskommunedirektørens forslag til vedtak.

Hovedutvalg for næring, kultur og miljø - vedtak

1. Det tildelast 400 000 kroner i tilskot til stiftinga Setesdal stavkyrkje.
2. I perioden som følger må prosjektstyret etablerast, slik at dei kan arbeide vidare med følgande:
 - Prosjektorganisering og rolleavklaring.
 - Avklaring av museet og kommunens rolle i prosjektet, både i planleggingsfasen, byggeperioden og i tida etter ferdigstilling av stavkyrkja.
 - Bruk, formidling og pedagogisk opplegg under og etter byggeperioden. Det oppfordrast til dialog og samordning av ulike initiativ knytt til formidling av kulturarv i Setesdal.
 - Finansiering av byggeprosjektet, samt finansiering av prosjektledelse m.m.
3. Det fremmes eventuelt ny sak når vilkåra i punkt 2 er gjennomført.

Søknad om midlar til Setesdal stavkyrkje

Fylkeskommunedirektøren sitt forslag til vedtak

1. Det tildelast 400 000 kroner i tilskot til stiftinga Setesdal stavkyrkje.
2. I perioden som følger må prosjektstyret etablerast, slik at dei kan arbeide vidare med følgande:
 - Prosjektorganisering og rolleavklaring.
 - Avklaring av museet og kommunens rolle i prosjektet, både i planleggingsfasen, byggeperioden og i tida etter ferdigstilling av stavkyrkja.
 - Bruk, formidling og pedagogisk opplegg under og etter byggeperioden. Det oppfordrast til dialog og samordning av ulike initiativ knytt til formidling av kulturarv i Setesdal.
 - Finansiering av byggeprosjektet, samt finansiering av prosjektledelse m.m.
3. Det fremmes eventuelt ny sak når vilkåra i punkt 2 er gjennomført.

Vedlegg

Halvårsrapport - Setesdal stavkyrkje

Vedlegg 1 Intensjonsavtale NHI

Vedlegg 2 Fortidsminneforeninga

Vedlegg 4 Riksantikvaren

Vedlegg 5 AAMA

Vedlegg 6 Valle kommune

Vedlegg 7 Agder fylkeskommune

Søknad prosjektmidler

Norsk Håndverksinstitutt si rolle i prosjektet

Planomtale Rysstad sentrum

Prosjektskisse for Setesdal Stavkyrkje 2024

Statusrapport 23.10.24

Prosjektskisse Sparebankstiftelsen DNB - Autentisk rekonstruksjon av stavkirke

Samandrag

Fylkeskommunedirektøren har motteke ei søknad frå Stiftinga Setesdal stavkyrkje om økonomisk støtte for å vidareføre prosjektleiarstilling knytt til planlegging og bygging av ei ny stavkyrkje i Setesdal.

Bygging av stavkyrkja er eit viktig prosjekt i nasjonal samanheng. Det vil gje ei unik moglegheit til å studere tradisjonshandverket og kunnskapen om stavkyrkjene, og denne kunnskapen vil igjen vere viktig for bevaring av dei norske stavkyrkjene. Stavkyrkja vil vidare vere ein attraksjon av verdi for heile landsdelen.

Fylkeskommunedirektøren meiner det har skjedd mykje positivt i prosjektet, og det er naudsynt å ha ein prosjektleiar for å koordinere prosessen og sikre framdrift. Samtidig vurderer fylkeskommunedirektøren at det er mykje usikkerheit knytt til prosjektet.

Fylkeskommunedirektøren tilrår difor at det blir innvilga 400 000 kroner for å vidareføre stillinga fram mot sommaren. I denne perioden må det arbeidast meir med både prosjektorganisering, finansiering, eigarskap og bruk etter ferdigstilling.

Saksopplysningar

Agder fylkeskommune har fått ein søknad om midlar til å føra vidare ei prosjektleiarstilling knytt til planlegging og realisering av Setesdal stavkyrkje. Det blir søkt om totalt 1 100 000 kroner i året i fire år, totalt 4 400 000 kroner, med førehald om god framdrift. Tilskotet er meint å dekkja løn og sosiale kostnader, rekneskapsførar/revisor, kontordrift og reiseutgifter knytt til prosjektarbeidet.

Stiftinga Setesdal Stavkyrkje er formell prosjekteigar og byggherre, med ansvar for økonomi, lokal finansiering, HMS og administrativ styring. Stiftinga har inngått formelt samarbeid med Norsk handverksinstitutt (NHI), som har eit fagleg ansvar for rekonstruksjon, forskning, opplæring og leing av fagråd.

Søknaden byggjer på Fylkesutvalets vedtak frå 20.12.2022, som synleggjer eit ynskje om at Agder fylkeskommune skal bidra fagleg og økonomisk inn i prosjektet. På vedtakstidspunktet vart det etterlyst ei meir tydeleg organisering og rollefordeling, og det vart signalisert at dette må på plass før ein tek endeleg stilling til heile prosjektperioden.

På bakgrunn av Fylkestingets vedtak 20.12.2022 vart prosjektleiar tilsett på nyåret i 2023 for å arbeida med realiseringa av stavkyrkjeprojektet. Prosjektleiar har det overordna ansvaret for det administrative arbeidet i prosjektet, og dessutan ansvar for å skaffa til vegs prosjektmidlane til stiftinga gjennom søknadsprosessar retta mot både offentleg og privat sektor. Prosjektleiar koordinerer også ulike samarbeidspartnarars bidrag inn i prosjektet og har ansvar for den lokale forankringa

i Setesdal og Agder. Prosjektleiari har hatt jamleg dialog med administrasjonen undervegs, og det er motteke rapportering på utført arbeid 29.09.2023 og 24.09.2024.

Hausten 2019 vart Stiftinga Setesdal stavkyrkje oppretta av ulike aktørar og private initiativtakarar i Setesdal. Det har tidlegare stått fleire stavkyrkjer i Setesdal. Det står no ingen att, men det finst fleire spor etter desse, der nok dørportalane frå Hylestad stavkyrkje med rike utskjeringar og historieforteljingar er mest kjent. Den gamle Hylestad stavkyrkje stod på Bjørgum på austsida av elva frå Rysstad. Området er freda som mellomalderkyrkjegard, slik at det ikkje er aktuelt å byggja ei ny kyrkje her. Plassering av den nye stavkyrkja er derimot tenkt knytt opp mot museumsanlegget på Rysstad nær riksveg 9. Det er inngått skriftleg avtale mellom Setesdalsmuseet eigedom IKS og Stiftinga Setesdal stavkyrkje om bruk av tomta til formålet.

Ein anna viktig motivasjonsfaktor knytt til Stavkyrkjeprojektet er auka kunnskap og betra handverkskompetanse. Riksantikvaren gjennomførte mellom 2001-2011 eit stavkyrkjeprogram for å setja i stand stavkyrkjene. Projektet resulterte i ny kunnskap og erfaringar innanfor tradisjonshandverksfeltet. Mange fekk spesialkompetanse innanfor sine fagfelt, mellom anna tømrarfaget, smedfaget, konserveringsfaget m.fl. Fleire av deltakarane i dette programmet er framleis yrkesaktive, men vil nå pensjonsalder innan få år. Ei vidareføring og vidareutvikling av denne kunnskapen er naudsynt for å kunna ta vare på stavkyrkjene våre vidare.

Når stavkyrkja er ferdig bygd, er han ikkje tenkt vigsla som kyrkje, men er tenkt brukt som eit kulturhus. Det er ikkje avklart kven som skal eiga kyrka, men det er foreslått å gi han i gåve til museet.

Norsk handverksinstitutt (NHI) er ein viktig samarbeidspartnar for å sikra projektet fagleg kvalitet. Sidan vedtaket i 2022 har dei tilsett ein tømrarstipendiat og ein treskjerarstipendiat, og dessutan ein fagleg ansvarleg handtverkar til å følgja opp projektet. Tømrarstipendiaten byrja hausten 2023 og er no godt i gang med å byggje takryttaren til kyrkja. Treskjeraren byrja 1. september 2024 og skal arbeida med utskjeringar på andre bygningsdelar knytt til kyrkja. Båe er tilsett for å arbeida med projektet i tre år. Kostnadane knytt til stipendiatane er dekt av Riksantikvaren og NHI, og utgjer eit bidrag i projektet på ca. 4 700 000 kroner per oktober 2024. NHI har oppgjæve at det er vedteke vidare forpliktingar for 2025 og 2026 som inkludert brukte midlar utgjer totalt 7 500 000 kroner. Det er i tillegg gitt signal om vidare finansiering av stillingar og stipendiatar på totalt 15 000 000 kroner over projektperioden.

På regionalt nivå har fylkeskommunen bidrege med finansiering av ei projektleiartilling i 2023 og 2024. I tillegg er det bidrege med faglig innsats. Fylkeskommunen har også vedteke å oppretta eit fagskuletilbod for utdanning innanfor bygningsvern med oppstart hausten 2025. Stavkyrkjeprojektet kan verte ein ressurs i eit slikt utdanningsløp. Det kan også nemnast at Aust-Agder museum og arkiv, Vest-Agder museum og Ryfylkemuseet utforskar mogleghetene for å etablere ein felles læringsarena for bachelor-utdanninga ved NTNU innanfor bygningsvern i Agder.

Valle kommune og Valle sparebank har finansiert eit forprosjekt med 90 000 kroner, og dessutan bidrege med totalt 100 000 kroner i kapital til oppretting av stiftinga. Valle kommune har også ein pågåande reguleringsprosess som omfattar museumsområdet, der tilrettelegging av tomte har vore hovudformål bak planen. Det er i kommunen sett av 300 000 kroner som bidrag til regulering av stavkyrkjetomta. Kommunen har som målsetjing å vedta planen før nyttår.

Det har vore arbeid med å finna ei god organisering av prosjektet. Det ligg no føre eit forslag som endå ikkje er sett i verk. Ifølgje forslaget skal det opprettast eit formelt prosjektstyre med totalt 6 medlemmer. Mandatet til prosjektstyret er koordinering av prosjektet økonomisk, fagleg og administrativt. Fylkeskommunen er tiltenkt ein plass i prosjektstyre, saman med to frå NHI, to frå stiftinga og ein fri plass.

Under styret er det tenkt eit fagråd med ansvar for fagleg innhald og opplæring, ein byggjekomite med ansvar for byggeplass og prioriteringa, eit konsultasjonsråd som skal vera eit bindeledd til lokalsamfunnet og ei lokal dugnadsgruppe med ansvar for koordinering av frivillige bidrag.

Totalbudsjett for prosjektet er oppgjæve til 75 millionar kroner. Finansiering er ei stor utfordring. Prosjektet har, sidan førre saka var oppe, fått avslag på ein større søknad frå Sparebankstiftelsen DNB. Etter avslaget er det arbeid vidare med andre finansieringskjelder. Det er også utarbeida ein ny modell for gjennomføring og finansiering av prosjektet, der prosjektet blir delt opp i mindre delprosjekt. I første fase er det søkt om finansiering til eit delprosjekt for materialkvalitet, og fundamentering. Pr. no har prosjektet søkt om finansiering på totalt 5,7 millionar kroner frå Kyrkjebevaringsfondet og Thonstiftelsen.

Vurderingar

Fylkeskommunedirektøren meiner at prosjektet med bygging av stavkyrkja i Setesdal først og fremst er eit viktig handverksprosjekt som vil sikra viktig kunnskap knytt til ivaretaking av stavkyrkjene våre framover. Stavkyrkjer er kulturminne av høg nasjonal og internasjonal verdi, og i dag er Urnes stavkyrkje ein av åtte norske inskripsjonar på UNESCOs verdsarvliste. Kunnskapen om bygging og bevaring av stavkyrkjer er i dag svært avgrensa, og dette prosjektet kan bidra med viktig erfaringsoverføring, forskning og dokumentasjon. Fylkeskommunedirektøren støttar derfor det faglege arbeidet og meiner det er positivt at bygningsvernssenter på Rysstad kan bidra i arbeidet.

Det kan også vera positive synergjar mellom stavkyrkja og den immaterielle kulturarven i Setesdal, som no har oppnådd UNESCO-status. Plasseringa ved museet gir moglegheiter for formidling.

Når det gjeld spørsmålet om økonomisk støtte til ei vidareføring av prosjektleiarstillinga, er det nødvendig å gjennomføra ei heilskapleg vurdering av prosjektet sin status, moglegheiter og utfordringar. Det er også nødvendig å sjå på

fylkeskommunevedtaket frå 2022 og vurderer i kva grad prosjektet har oppfylt dei krava som vart stilt den gongen knytt til samarbeidspartnarar, prosjektorganisering og finansiering.

Sidan 2022 har det skjedd utvikling på fleire område. Til dømes har det vore arbeidet med lokal, regional og nasjonal forankring og involvering av ulike samarbeidspartnarar. Spesielt meiner fylkeskommunedirektøren det er positivt at NHI tek ein aktiv rolle i prosjektet. Det er også positivt at Valle kommune stiller tomt til disposisjon og at det har teke initiativ til ein nødvendig reguleringsprosess. Dette viser vilje til å få prosjektet realisert.

Fylkeskommunedirektøren saknar framleis ei tydeleg prosjektorganisering i tråd med prosjektskissa vedlagt søknaden. Dette var ei av føresetnadane i vedtaket frå 2022 at skulle vere på plass og etablert før ein såg vidare på finansiering av stillinga. Organisering er forankra hjå Stiftinga og NHI, men prosjektstyret er ikkje formelt etablert. Dette bør gjerast for å sikra god forankring hjå dei andre aktuelle aktørane, og dessutan sikre lokal og nasjonal samordning av dei ulike delane av prosjektet.

Det manglar også ein plan for eigarskap og bruk av kyrkja etter ferdigstilling. Stiftinga har tilbode kyrkja til Aust-Agder museum og arkiv, men museet har ikkje teke stilling til om dei ynskjer å overta kyrkja. I søknaden er det oppgjeven at det går føra seg dialog mellom prosjektet og Aust-Agder museum og arkiv angående deira rolle i prosjektet, men det er ikkje formalisert noko samarbeid per dags dato. Ifølgje søknaden har stiftinga signalisert at det er uproblematisk å behalde vedlikehald ansvaret og eigarskapet i etterkant, om ikkje museet vil ta imot kyrkja. Moglegheiter og utfordringar knytt til ulike eigarskapsmodellar må synleggjerast.

Bruken av stavkyrkja er heller ikkje avklart. Det kjem fram av søknaden og prosjektskildringa at den ferdige bygningen ikkje er tenkt vigsla som kyrkje, men skal ha ein funksjon som kulturhus, museumsbygg, turistattraksjon og utleigelokale. Dette er gode intensjonar, men for vagt teke i betraktning at eigarskap ikkje er avklart og at ei stavkyrkje legg ein del avgrensingar for moderne bruk.

Finansiering av stavkyrkja er heller ikkje på plass. Stavkyrkja er eit stort og kostbart prosjekt, og ei realisering er derfor heilt avhengig av statleg og/eller privat finansiering. Fylkeskommunedirektøren er klar over at det har vore arbeidd godt med dette, men denne innsatsen må likevel intensiverast i tida som kjem. Inndelinga av prosjektet i mindre delprosjekt er truleg eit smart grep med tanke på finansiering.

Valle kommune bidreg inn i prosjektet på fleire område, men dersom prosjektet skal realiserast bør kommunen også ta ein aktiv rolle i prosjektfasen.

Fylkeskommunedirektøren ser at prosjektet er av eit slikt omfang at det er behov for ein prosjektleiar som kan driva arbeidet vidare og koordinera innsatsen mellom dei ulike aktørane, lokalt, regionalt og nasjonalt. De er likevel mykje arbeid som står att. Ein del av dette skulle vore på plass no, jamfør tidlegare gitte signal frå fylkeskommuneadministrasjonen. Fylkeskommunedirektøren tilrår derfor at det blir gitt eit lågare beløp enn omsøkt. Dette vil likevel vera tilstrekkeleg til at

prosjektleiarsstillinga blir vidareført fram mot sommaren, eller lengre dersom fleire aktørar bidreg.

Regionplan Agder 2030

Prosjektet understøtter følgande mål i Regionplan Agder:

- Kultursektorens aktivitet innan forskning og utvikling er over landsgjennomsnittet.
- Verdiskapinga knytt til kystkultur, kulturarv i indre bygder og trehusbyane har økt.
- Kultur, idrett og ein unik kulturarv gjer Agder til en attraktiv region, som trekker et voksende tal besøkande frå inn- og utlandet.

Prosjektet kan ha ein positiv verking for barn- og unge, både fordi stavkyrkja blir ein attraksjon i Setesdal og fordi prosjektet bidrar til kunnskap og stoltheit om bygningsarven.

Økonomiske konsekvensar

Tilskotet på 400 000 kroner belastast ansvar 500200, prosjekt 50020103, funksjon 750, aktivitet 471.

Konklusjon

Fylkeskommunedirektøren tilrår ei tildeling på 400 000 kroner for å vidareføre prosjektleiarsstillinga.

I perioden som følger må prosjektstyret etablerast, slik at dei kan arbeide vidare med følgande:

- Prosjektorganisering og rolleavklaring.
- Avklaring av museet og kommunens rolle i prosjektet, både i planleggingsfasen, byggeperioden og i tida etter ferdigstilling av stavkyrkja.
- Bruk, formidling og pedagogisk opplegg under og etter byggeperioden. Det oppfordrast til dialog og samordning av ulike initiativ knytt til formidling av kulturarv i Setesdal.
- Finansiering av byggeprosjektet, samt finansiering av prosjektledelse m.m.

Fylkeskommunedirektøren tilrår at dette gjerast så snart som mogleg, og at det deretter sendast ein ny søknad.

Kristiansand, 07.11.2024

Tine Sundtoft
Fylkeskommunedirektør

26.november.2024

Kristin Tofte Andresen
Fylkesdirektør for næring, kultur og
kulturminnevern